

## Møre og Romsdal Sau og Geit

Årsmøtet i Ørsta sau og Geit er bekymra for overproduksjonen av lam. Vi registrerer at det er lite lam i butikk og det er synd, det kan sikkert gjerast meir frå slakteri og butikk men det vil ikkje løyse problemet åleine.

Vi registrerer at Norsk Sau og Geit går ut og oppmodar alle sauebønder om å redusere produksjonen, men er det rett at sauebønder som har hatt 20 -30 -70 sau gjennom fleire år og har vore trufaste produsentar og som gjerne brukar eit areal som vi veit ikkje vilde blitt brukt ved stordrift pga. dårleg arondering/driftvanskeleg, og desse bøndene er kanskje dei viktigaste om ein ser på levande bygder og eit velstelt kulturlandskap. Vi veit alle at overproduksjonen kjem av omlegging av lammeslakttilskotet i 2014, det har ført til nybygging/nyetlabering av storefjøs med 400- 700- 800 vinterfora sau, det er dette som har laga overproduksjon.

Vi veit att i andre produksjonar i landbruket har vi konsesjonar eller kvote, og det meiner vi att det trengs også i sauehaldet.

Vårt forslag til å løyse overproduksjonen er.

Husdyrtilskot intil dei første 250 vinterfora sauene, der dei første 126 har ein høgare sats.

Slaktetilskot inntil 500 lam og der kravet blir senka til rein O slik at dei letare rasene slepp å forast opp ekstra for å få slaktetilskot og dermed auke vekta deira og.

Innførast konsesjon for å starte opp med sau inntil markedet ordnar seg.

Dette trur vi vil begrense produksjonen og då vil kjøtprisen gå opp og det vil både stor og liten tjene på.

Ørsta Sau og Geit  
v/ Odd Bjarne Bjørdal